



**KONTROLLUTVALET I LINDÅS KOMMUNE  
MØTEUTSKRIFT**

Møte: 28. september 2016 kl. 09.00 – 12.45  
Stad: Formannskapssalen, rådhuset  
Tilstade: Peder Jøsendal (leiar), Rolf Henning Hegland (nestleiar), Kåre Helge Østrem, Anne Kristin Tonning  
Forfall: Hege Kristine Mjelde (ikkje møtt)  
Innkalla: Rådmann Ørjan Raknes Forthun  
Frå revisjonen: Espen Hordvik (til sak 35/16 og 36/16), Gunnar Husabø og Maja Sollid  
Sekretær: Tonje Husum Aarland

---

**33/16 Godkjenning av innkalling og sakliste**

**Samrøystes vedtak:**

Innkalling og sakliste er godkjent.

**34/16 Godkjenning av møteutskrift frå sist møte**

**Samrøystes vedtak:**

Møteutskrift frå sist møte 01.06.16 er godkjent.

**35/16 Uavhengighetserklæring, Deloitte AS**

Saksvedlegg: *Uavhengighetserklæring Lindås kommune, Deloitte AS*

I følge krav i kommunelova § 79 og revisjonsforskriftene §§ 13 og 14 setter reglar for revisors uavhengighet. I følge revisjonsforskrifta § 15 skal oppdragsansvarleg revisor kvart år, og elles ved behov, avgje ein skriftleg eigenvurdering av sin uavhengighet til kontrollutvalet.

Revisjonen orienterte om sin uavhengighet.

**Samrøystes vedtak:**

Kontrollutvalet tek erklæring om uavhengighet til orientering.

**36/16 Orientering om revisjonsplan for rekneskapsrevisjon**

Revisjonen orienterte om revisjonsplanen for rekneskapsrevisjon.

Særlege fokusområder for rekneskapsrevisjon er:

1. Lønn
2. Pensjon



3. Inntekter generelt
4. Periodisering ved årsslutt
5. Rutinar og intern kontroll

Revisjonsberetninga bygger på bevis innhenta gjennom ein kombinasjon av test av kontrollar, detaljtestar og analytiske handlingar. Angrepsvinkelen vil i størst mogleg grad vere å teste kontrollar og bygge på kontrollmiljø og internkontroll i tilknytning til forretningsprosessane. Ein skala for modenheitsnivå kan vere eit verktøy for å evaluere om kommunen har gode system og rutinar for internkontroll innan dei ulike områda. Risikovurdering av dei ulike økonomipostane vert og gjort kontinuerleg, og er viktig for å få fram områder med høy risiko. Orientering om interimrevisjon kjem på siste møte før jul, og årsoppgjørsrevisjon vert orientert om i vår-halvåret.

Kontrollutvalet stilte spørsmål og fekk svar, og rådmannen kommenterte om kommunen sitt modningsnivå på system for internkontroll.

**Samrøystes vedtak:**

Kontrollutvalet takka for orienteringa.

**37/16 Orientering om offentlege anskaffingar**

Saksvedlegg: *Lov om offentlige anskaffelser*

Reglane om offentlege anskaffingar finner ein i *Lov om offentlige anskaffelser*, *Forskrift om offentlige anskaffelser* og er nærare omtalt i *Veileder til reglene om offentlige anskaffelser*.

I lova om offentlege anskaffingar (anskaffelsesloven) står det i § 1 om formål: «Loven og tilhørende forskrifter skal bidra til økt verdiskapning i samfunnet ved å sikre mest mulig effektiv ressursbruk ved offentlige anskaffelser basert på forretningsmessighet og likebehandling. Regelverket skal også bidra til at det offentlige opptre med stor integritet, slik at allmennheten har tillit til at offentlige anskaffelser skjer på en samfunnstjenelig måte.»

Rådmann Ørjan Raknes Forthun orienterte om rutinar kring offentlege anskaffingar med fokus på kontraktar til egne tilsette. Det vart orientert om ein spesifikk kontrakt med ein bedrift eigd av tilsette i kommunen. Tiltak som er satt i gang for å betre systemet for å sikre at lovverket vert følgd under dette punktet, er oppdatering av personalreglementet, og rutinar for dette i innkjøpsreglementet og det etiske reglementet som er under arbeid.

Kontrollutvalet stilte spørsmål og fekk svar.

**Samrøystes vedtak:**

Kontrollutvalet takka for god orientering.

### 38/16 Orientering om planlagde prosjekt i kommunen

Rådmann Ørjan Raknes Forthun orienterte om rutinar kring prosjektoppfølgning og planlagde prosjekt, mellom anna innan:

- Heilskapleg styringssystem
  - Kvalitet – innhald
  - Mål- og resultatstyring
  - Verksemdsplanar einingsleiarar og avdelingsleiarar
- Internkontroll
  - Anskaffingsreglement
  - Etske retningsliner
  - Informasjonssikkerhet og personvern
  - Krise og beredskap
  - Avvikshandtering
- Prosjektstyring
- LEAN
- Plansystem og planstrategi
- Kontorprosjekt
- Kundesenter
- Oppvekst
  - Skuleprosjekt
- Helse og omsorg
  - Helse- og omsorgsplan
- Samfunnsutvikling og kommunalteknikk
  - Hamneprosjekt
  - Knarvikplanen
- Organisering løn og rekneskap Meland, Lindås og Radøy

#### **Samrøystes vedtak:**

Kontrollutvalet takka for god orientering.

### 39/16 Plan for forvaltningsrevisjon

Saksvedlegg: *Plan for forvaltningsrevisjon – Overordna analyse, Deloitte AS*

I følgje kommuneloven 77 pkt. 4 skal det gjennomførast forvaltningsrevisjon. I forskrift om kontrollutval står det i 10 at kontrollutvalet skal utarbeide ein plan for forvaltningsrevisjon som kommunestyret vedtek. Kommunestyret kan gi fullmakt til kontrollutvalet å foreta endringar i planperioden.

Kontrollutvalet har fått tilsendt ein overordna analyse for kommunen, med forslag til aktuelle område for forvaltningsrevisjon. Med bakgrunn i denne analysen var der følgjande forslag til prosjekt der risikoen vart vurdert som høg:



### 3.1 Prosjekt som er kategorisert som høg risiko (●)

| Prosjekt  | Nøkkelpunkt for revisjonen  |
|---|---|
| 1. Forvaltningsrevisjon av internkontroll                               | <ul style="list-style-type: none"><li>• Overordna retningslinjer</li><li>• Felles kvalitetssystem</li><li>• Risikovurderingar</li><li>• System for å melde avvik</li></ul>  |
| 2. Tryggleik og beredskap   | <ul style="list-style-type: none"><li>• Overordna planarbeid</li><li>• Involvering av eksterne aktørar</li><li>• Opplæring og øving</li></ul>   |
| 3. Forvaltningsrevisjon av innkjøp                                      | <ul style="list-style-type: none"><li>• Kompetanse og organisering av innkjøpsfunksjonen</li><li>• System og rutinar</li><li>• Regeletterleving i utvalde innkjøp</li></ul>   |
| 4. Forvaltningsrevisjon av arkiv og offentlegheit                       | <ul style="list-style-type: none"><li>• Rutinar for journalføring og arkivering</li><li>• Fullstendighet i registrering av inn- og utgåande post, med særleg vekt på handtering av e-post</li><li>• Rutinar for gradering av dokument og handsaming av innsynsførespurnader</li><li>• Kompetanse og opplæring</li></ul> |
| 5. Forvaltningsrevisjon av informasjonstryggleik                        | <ul style="list-style-type: none"><li>• Styringssystem for informasjonstryggleik</li><li>• Oversikt over system som handterer personopplysningar</li><li>• Databehandlaravtalar</li><li>• Kompetanse og opplæring</li></ul>   |
| 6. Forvaltningsrevisjon av tilpassa undervisning og spesialundervisning | <ul style="list-style-type: none"><li>• Tilpassing av den ordinære undervisninga</li><li>• Praktisering av «tidleg innsats»</li><li>• Sakshandsaming og systemretta arbeid hjå PPT</li><li>• Samhandling mellom PPT og skule</li><li>• Vedtak om spesialundervisning</li></ul>  |
| 7. Forvaltningsrevisjon av skulemiljø og arbeidet mot mobbing           | <ul style="list-style-type: none"><li>• Planarbeid og førebyggjande tiltak</li><li>• Sakshandsaming ved tilfelle av mobbing</li></ul>   |
| 8. Forvaltningsrevisjon av internkontroll i skulen                      | <ul style="list-style-type: none"><li>• Styrande retningslinjer og delegasjonar</li><li>• Forsvarleg system</li><li>• Implementering av system og rutinar i skulane</li></ul>   |
| 9. Forvaltningsrevisjon av skule- og helsestasjonstenesta               | <ul style="list-style-type: none"><li>• Samhandling med legar</li><li>• Samhandling med spesialisthelseteneste</li><li>• System for informasjonsutveksling</li><li>• Oppfølging av gravide og nyfødde</li><li>• Skulehelseteneste</li></ul>   |
| 10. Forvaltningsrevisjon av forvaltningskontoret                        | <ul style="list-style-type: none"><li>• Tidsbruk</li><li>• Igangsetting av vedtak</li><li>• Likebehandling</li></ul>  |
| 11. Forvaltningsrevisjon av eining for funksjonshemma                   | <ul style="list-style-type: none"><li>• Kvalitetssystem og faglege rutinar</li><li>• Risikovurderingar</li><li>• Kompetanse og ressursstyring</li><li>• Bruk av tvang</li></ul>   |
| 12. Forvaltningsrevisjon av arbeidet med psykisk helse og rus           | <ul style="list-style-type: none"><li>• Samordning av tenestetilbod</li><li>• Kompetanse</li><li>• Individuell plan</li></ul>   |
| 13. Forvaltningsrevisjon av sosiale tenester                            | <ul style="list-style-type: none"><li>• Rutinar for sakshandsaming</li><li>• Handsaming av klagesaker</li><li>• Arbeid med kvalifisering</li></ul>  |



Prosjekt vurdert med middels risiko:

### 3.2 Prosjekt kategorisert med middels risiko (●)

| Prosjekt – middels risiko |  |
|---------------------------|--|
| 14.                       | Forvaltningsrevisjon av barnehagar   |
| 16.                       | Forvaltningsrevisjon av voksenopplæring  |
| 17.                       | Forvaltningsrevisjon av dagtilbod til eldre                                    |
| 18.                       | Forvaltningsrevisjon av opplæring og tilsettemedverknad innan pleie- og omsorg |
| 19.                       | Forvaltningsrevisjon av fysioterapitenester                                    |
| 20.                       | Forvaltningsrevisjon av rutinar/kvalitetssystem i brann- og redningstenesta    |
| 21.                       | Forvaltningsrevisjon av prosjektstyring  |
| 22.                       | Forvaltningsrevisjon av kulturskulen   |

Tidlegare har det vore gjennomført forvaltningsrevisjon av:

- Refusjonar og tilskot (2014-2015)
- Investeringsprosjekt ny brannstasjon (2014)
- Plan og bygg (2013-2014)
- Vedlikehald og inneklima i kommunale bygg (2013)
- Barnevern (2013)
- Saksgang i sak om gjerde på næringseigedom (2010-2011)
- Sakshandsaming i to byggesaker (2010-2011)
- Leigeavtale om NAV-lokale (2010)
- Kommuneplanlegging og byggesakshandsaming (2009-2010)
- Informasjonstryggleik, arkivering og offentlegheit (2009 – 2010)
- Regeletterleving og styringsstruktur i grunnskulen (2008-2009)

Kontrollutvalet vurderte dei ulike tenesteområda med høg og middels risiko og valde foreløpig ut 6 områder med høg risiko:

1. Informasjonssikkerheit
2. Internkontroll i skulen
3. Eining for funksjonshemma
4. Innkjøp
5. Psykisk helse og rus
6. Internkontroll

#### **Samrøystes vedtak:**

Kontrollutvalet får framlagt utkast til plan for forvaltningsrevisjon på neste møte.

#### **40/16 Plan for selskapskontroll**

Saksvedlegg: *Plan for selskapskontroll – Overordna analyse, Deloitte AS*

Heimelen for selskapskontroll følgjer av kommunelova (kompl.) § 77 nr. 5, som seier at kontrollutvalet skal «påse at det føres kontroll med forvaltningen av kommunens (...)



*interesser i selskaper m.m.*», jf. tilsvarende formulering i § 13 første ledd i forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar. Etter § 13 andre ledd skal det «*minst en gang i valgperioden utarbeides plan for gjennomføring av selskapskontroll. Dette skal skje senest innen utgangen av året etter at kommunestyret er konstituert.*». Tredje ledd fastsett at kommunestyret vedtar planen.

Selskapskontroll kan romme ulike former for selskapskontrollar, høvesvis eigarskapskontroll og forvaltningsrevisjon av selskap. Det kan også gjennomførast selskapskontrollar som kombinerer element frå dei to nemnde formene. Eigarskapskontroll er den obligatoriske delen av selskapskontroll og involverer å kontrollere korleis kommunen utøver sitt eigarskap. Ved forvaltningsrevisjon av selskap kan ein mellom anna vurdere selskapet sin økonomi, ressursbruk, regeletterleving og måloppnåing ut frå kommunens vedtak og føringar.

Gjennomførte selskapskontrollar i Lindås kommune er:

- Lindås tomteselskap (2015)
- NGIR IKS (2011)

Ut i frå analysen har revisjonen peika på følgjande aktuelle prosjekt:

|   | Selskap/område               | Eigar del | Risiko-område  | Selskapskontroll   |
|---|------------------------------|-----------|--|--|
| 1 | Eigarskapsforvaltninga       | IA        | <ul style="list-style-type: none"> <li>• System og rutinar for oppfølging av eigarskapa</li> <li>• Rutinar for val av styrerepresentantar</li> <li>• Opplæring av styrerepresentantar</li> <li>• Rapportering til kommunestyret</li> </ul> | Eigarskapskontroll/<br>forvaltningsrevisjon<br>(innanfor § 80) |
| 2 | Knarvik Industri og Miljø AS | 100 %     | <ul style="list-style-type: none"> <li>• Eigarstyring</li> <li>• Drift i selskapet</li> <li>• Etterleving av regelverk for arbeidsmarknadsbedrifter</li> </ul>   | Eigarskapskontroll/<br>forvaltningsrevisjon<br>(innanfor § 80) |
|   |                              |           |  |  |

Kontrollutvalet ønskjer å prioritere dei aktuelle prosjekta revisjonen har peika på.

#### **Samrøystes vedtak:**

Kontrollutvalet får framlagt utkast til plan for selskapskontroll i neste møte.

#### **41/16 Skriv og meldingar**

- Økonomisk oversikt – kontrollutvalet
- Ny førespurnad til kontrollutvalet, jf. KU-sak 27/16, 14/16 og 08/16

#### **Samrøystes vedtak:**

Kontrollutvalet tok skriv og meldingar til orientering.



#### 42/16 Gjennomgang av møteprotokollar frå politiske utval

Kontrollutvalet gjennomgjekk møteprotokollar frå politiske utval.

**Samrøystes vedtak:**

Kontrollutvalet hadde ingen merknader.

#### 43/16 Eventuelt

Neste møte i kontrollutvalet er 26. oktober kl. 09.00

Knarvik, 28.09.2016

  
Peder Jøsendal, leiar

  
Tonje Husum Aarland, sekretær